

Referat møte

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Kyrkjestova
Dato: Torsdag 15.06.2023
Tid: Kl. 16.00 - 18.30
Ord for dagen: **Sigrid las evangeliet for 3. søndag i treeinigtida om det store gjestebodet.**

Innkallinga er sendt til:

		Møtt
Svein Lunde	leiar	X
Anne Marie Røed	nestleiar	X
Sigrid Marie Fangel	skrivar	X
Tom Rydland	medlem	X
Wenche Andersen Helland	medlem	
Herman Inge Aadland	medlem	X
Håkon Rydland Sæbø	medlem	X
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	X
Olav J. Oma	sokneprest	X
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	
Jostein Skram	1. vara	
Karin Maria Korsvik	2. vara	
Magnor Tverderøy	3. vara	
Hilda Gloppen	4. vara	
Jan Ottar Wiik	5. vara	
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest	
Jan Overweg	kyrkjeverje	X

Fitjar, 15.06.2023

Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2023/48	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	X
2023/49	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 11.05.2023	X
2023/50		Kort orientering om arbeidet i soknet	X
2023/51		Evaluering av konfirmantfest	
2023/52		Gudstenesteliste og offerliste for hausten 2023	X

2023/53	Kyrkjevalet 2023 – organisering og gjennomføring	X
2023/54	Utlysing av 20% prosjektstilling som diakon/diakonimedarbeidar	
2023/55	Møteplan hausten 2023 – utsett frå førre møte	
2023/56	Meldingar / open post	

Sak 2023/48 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Utlysing av diakon/diakonimedarbeidar blir etterspurt, og det blir svart at det blir orientert om dette når vi kjem til den saka.

Vedtak:

Innkalling og saklister er godkjent.

Sak 2023/49 012.1 Referat frå sist møte

Merknad til referat: Tom understrekar kor viktig det er at HMS blir følgd opp.

Vedtak:

Soknerådet stadfester referat frå møtet den 11.05.2023.

Sak 2023/50 Kort orientering om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje og sokneprest legg fram ei kort orientering om arbeidet i soknet.

Kyrkjeverje: viser til alt som har skjedd sidan sist, som og soknepresten har nemnd under. I administrasjonen er det no gjennomført medarbeidarsamtalar. Vi har ein stab som fungerer fint. Randi takknemlig for at ho har fått gjennomføre utdanning i friluftsliv. Budsjettmessig ligg vi der vi skal. Straumutgiftar i mai høge men likevel etter planen. Stabsavslutning i Hystadmarkjo i dag, veldig bra. Travelt, men høg trivsel, vi arbeider med å ha det godt saman.

Sokneprest, sidan sist:

Det er kjekt å orientera om at Helga Olsen Aadland har sagt ja til å vera med som klokkar frå hausten.

Det har vore mange kyrkjelege handlingar.

- 1 vigsel
- 2 gravferder
- Gjennomført 4 konfirmasjonar, gruppe frå korpset spelte på 3
- 17. mai, korpset deltok saman med mannskor
- 18. mai venestemne... Fungerte fint, trur eg. Korleis skal dette vere. Eg tror at det bør vere soknerådsrepresentantar med i komiteen, ikkje berre prest. Vi er medarrangør.
- Pinse i kyrkja og på fjellet. «Rimeleg sært» i regn og surt vær, men veldig kjekt. Harald Rydland stilte med lyd og musikk, Randi var sentral i gjennomføringen der.

- 1. juni: Diakonitur til Telavåg, flott tur, interessant, lærerikt, 54 deltakarar full buss,
- 2. juni: Tentreff, hadde avslutning i Breiavikjo med rundt 35 ungdommar. Kanopadling, leik, andakt (Roald), mat, fint.
- 4. juni: Årsmøte for soknet
- 10. juni: Drop in dåp...
- Kyrkjeblad, kjem ut om ei vekes tid. Godt arbeid i redaksjonen.
- Om prestetenesta i sommar...
- 3 vigsler som ventar i sommar, tidleg haust
- Kyrjekontoret opningstider i sommar tysdag og torsdag 10.00-14.00
- Innskriving av nye konfirmantar, 24 innskrivne så langt av eit kull på 43.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2023/51 Evaluering av konfirmantfest

Festen for konfirmantane etter gudstenesta onsdag 10. mai vart i år gjennomført med god hjelp frå soknerådet. Mange hadde fått oppgåver, som å hjelpa til med å rigga, dekkja bord, pynta, servera og rydda. Olav og Randi hadde ansvar for programmet. Arbeidsutvalet ønskjer ei evaluering i møtet.

Frå drøftinga:

Mange gode tilbakemeldingar. Det var lurt å legga festen tilbake til bedehuset. (I 2022 var det i kyrkja) Det var ein god fest. Fint pynta.

God drøs etter festen mellom foreldra. God stemning.

Nokon stilte spørsmål ved om det var sokneråd som skulle arrangere denne festen, var det ikkje fjorårskonfirmantforeldra?

Lurt at nokon frå soknerådet har organiseringa.

Men kjekt å få fjorårsforeldra med til neste år.

Dei som tek imot før festen må vera der i god tid, seinast 18.00.

Soknerådet som skal takka dei tilsette, eller?

Fint at soknerådet helsar til konfirmantane.

Soknerådet kan engasjera fjorårsforeldra.

Kontoret kan leia festen, laga program.

Pizza og is fungerer godt.

Sak 2023/52 Gudstenesteliste og offerliste for hausten 2023

Gudstenesteliste for hausten er utarbeidd i samarbeid med staben og gudstenesteutvalet. (vedlegg). Au gjorde onsdag 7. juni, vedtak av kollektane ut august, slik dei ligg føre for å få dette med i kyrkjebladet.

Håkon foreslår at 1. søndag i advent blir til Vidare, ikkje saman med tentreff, klubben, mm.

Få dei som får offer til å koma og marknedsføra seg. F.eks bymisjonen.

(Kan vi få til ein kveld i kyrkja for ungdommane? Kanskje vi kan få til noko på ein fredag med tentreff?)

29.10 BOB Israelsmisjonen.

Vedtak:

Soknerådet sluttar seg til planen for gudstenester og takkoffer for andre halvår, med endringar som kom fram i møte.

Sak 2023/53 Kyrkjevalet 2023 – organisering og gjennomføring

Kyrkjeverje og soknerådsleiar orienterer om organisering og praktisk gjennomføring av kyrkjevalet. Valstyret (soknerådet) må vera førebudd på oppgåver ved oppteljing av stemmer.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

Sak 2023/54 Utlysing av 20% prosjektstilling som diakon/diakonimedarbeidar

Arbeidsutvalet har drøfta utlysingstekst for prosjektstillinga som diakon/diakonimedarbeidar. Utkast til teksten vil bli ettersendt før møtet. AU foreslår utlysing i august og tilsetjing i oktober. Svein ber om at AU får lov til å arbeida ut ei utlysing. (AU må ha eit sær møte på denne saka)

Vedtak:

AU får fullmakt til å laga ei utlysingstekst. Dei sender den til soknerådet slik at dei er orientert og får kommentera teksten.

Sak 2023/55 Møteplan hausten 2023

Møteplan for sokneråd og arbeidsutval hausten 2023. Saka vart utsett frå førre møte.

Møte i sokneråd til vanleg kl.16.00-18.30

Møte i arbeidsutvalet til vanleg kl. 12.30-14.30

Det nye soknerådet trer inn i funksjon frå 01.11.2023. Sokneråd med fellesrådfunksjonar, som på Fitjar, trer inn i fellesrådsfunksjonar frå 01.12.2023. (verksemdsreglene §1)

Vedtak:

torsdag 24.08 (valstyret)

måndag 11.09 kl. 21.00 oppteljing av stemmer kyrkjevalet (valstyret)

torsdag 14.09 (budsjetthandsaming)

torsdag 19.10

onsdag 01.11 (konstituering av det nye soknerådet)

torsdag 02.11 Prostidag møte den nye biskopen i Nysæter

torsdag 07.12 Julamøte

Sak 2022/46 Meldingar / open post

- Håkonarspelet, årsmøte i organisasjonen. Kyrkja er eigar av denne saman med Osternes mannskor og Fitjar kommune.
Dette er ei foreining der vi er medlemmar. Vi har ikkje økonomisk ansvar for eventuelle underskot. Terje Gloppen er leiar av foreininga. Arbeidet er finansiert gjennom tilskot frå kommunen. Dei arbeider med å få til ei finansiering av spel til neste år. Om ikkje budsjett og finansiering er på plass, blir dette heller ikkje gjennomført.
- Klokkarteneste i Fitjar kyrkje, som nemnt tidlegare i kveld. I tillegg til Harald Johan Sandvik, Anne Britt Tornes, Sigrid Fangel, Torunn Aarskog er Helga Olsen Aadland blitt med som klokkar frå hausten.
- Hjartestartar i Fitjar kyrkje. Jan har sjekka med Raudekrossen som tilbyr både kurs om bruken og førstehjelpskurs. 4,5 timars kurs.
Det er og ein i Haugesund som gjer dette som enkeltmannsføretak, 1,5 timars kurs.
Kyrkjeverja gjer eit vedtak om kven av desse vi skal velja. Søk pengestøtte frå sparebanken.

- Ferieavvikling. Jan tek oss gjennom ferieplanen.
- Årsmøte. Blei orientert om. Mellom anna at det var ynskje å få på plass lyssetting av kyrkja igjen. Dette kan nemnda «bygg og anlegg» sjå på.

Vi må visa at vi betalar deler av drifta vår sjølv. Vi er ein organisasjon som ikkje lever aleine av kommunal støtte. 2.400.000 frå kommunen. 2.000.000 frå gjevarar og eigen organisasjon.

- Svein var på zoom-møte om kyrkjeleg organisering. Her er mykje spennande å ta tak i, og det er framleis svært utydeleg korleis samkøyring av dei to arbeidsgjevarlinjene skal gjerast.

Søkjer ein på nett på «samrådsmøte i juni», så kan ein finne meir om dette.

Skrivar
Olav J. Oma